

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I VÅGÅ KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Torsdag 25. april 2024	Kl. 13.00-16.00 15.40	Vågå kommunehus - formannskapssalen

Til stades på møtet:

Medlemmar:	Geir Inge Stadeløkken (leiar), Bjørg Schultz (nestleiar), Ove Turtum, Ivar Valdvik, Svanhild Mosebakken.
Varamedlemmar:	
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Steinar Christen Berg, Innlandet revisjon Odd Erik Sveen, kommunedirektør Frank Roger Vangen, økonomisjef Anni Kuseter Hilleengen, regusksjef Magnhild Vole, leiar NAV Hilde Reitan, kommunalsjef Christoffer Biang, flyktning konsulent

Saker som vart handsama:


Sak 8/24	Kommunens rekneskap og årsmelding 2023
Sak 9/24	Orienteringar
Sak 10/24	Eigenvurdering frå oppdragsansvarleg revisor
Sak 11/24	Kontrollutvalets risiko- og vesentlegvurdering
Sak 12/24	Protokoll og referatsaker

Andre opplysningar:

Møteinnkalling:	17. april 2024
Møteleiar:	Geir Inge Stadeløkken
Referent:	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 8-12/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.



Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
Torsdag 25.4.2024	154/24	8-12/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Ivar Flagestad møter for Ivar Valdvik.

Ove Turtum tiltrådte møtet under handsaming av sak 8/24.

Sak 8/24 KOMMUNENS REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2023

Saksutgreiing

Vedlegg

- Forslag til kontrollutvalets uttale
- Revisors beretning 2023
- Årsberetning 2023
- Årsregnskap 2023 med noter

Kommunen har oversendt årsberetning og regnskap med noter. Dei oppfordrar utvalet til å ikkje bruke pdf-versjonen, men lese innhaldet digitalt på fylgjande lenke:

[https://pub.framsikt.net/2023/vågå/mr-202312-årsberetning_2023 - til kontrollutval/](https://pub.framsikt.net/2023/vågå/mr-202312-årsberetning_2023_-_til_kontrollutval/)

Dei opplyser at digitale lenke er brukt dei siste åra til politiske fora i Vågå kommune.

Bakgrunn

Kontrollutvalets oppgåver i samband med kommunens årsrekneskap og årsmelding går fram av Kommuneloven § 14-3:

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Og vidare i Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3:

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- *Kommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- *Regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- *Regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Omgrep og definisjonar

Det er vanleg å skille mellom "årsberetning" som det lovpålagte dokumentet til årsrekneskapen og "årsmelding" som eit dokument med meir informasjon. Nynorsk nyttar "årsmelding" om både, og i denne saka blir "årsmelding" nytta om det lovpålagte dokumentet. "Revisjonsrapport" blir brukt om det lova omtalar som "revisjonsberetning".

Fakta

Kontrollutvalets uttale skal knytte seg til utvalets ansvar og rolle i høve til årsrekneskap, årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsrapport. NKRF og FKT sine rettleiarar om utvalets rolle for rekneskapet blir nytta i arbeidet til sekretariatet og utvalet.

Årsmelding, årsrekneskap og revisjonsrapport blir lagt fram for kontrollutvalet som grunnlag for å gje ei uttale til kommunens årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Presentasjonar og drøftingar som blir gjort i utvalsmøtet og kommunikasjon med revisor gjennom revisjonsåret blir også lagt til grunn.

Kommuneloven §§ 14-6 og 14-7 har krav til innhald i årsrekneskapen og årsmeldinga. Revisjonsrapporten er revisors faglege uttale om årsrekneskapen og revisjonen sin konklusjon på deira arbeid med årsrekneskapen. Meldinga blir gjeve til kommunestyret.

Kontrollutvalets uttale og revisjonsrapporten skal fylgje kommunedirektørens sak om årsrekneskapen til kommunestyret via formannskapet.

Om rekneskapen og årsmeldinga

Fristar

Årsrekneskapen pr 31.12.23 og årsmelding for 2023 er gjeve av kommunedirektøren innan kommunelovens frister som er 22. februar og 31. mars.

Rekneskapen blir revidert av Innlandet Revisjon IKS. Revisjonsmelding er datert 15.04.2024 som er innan fristen.

Kommunestyret skal handsame årsrekneskap og årsmelding innan 30. juni.

Om årsrekneskapen

Brutto driftsinntekter var 462,6 mill. kr, ein auke på 42,3 mill. kr (10 %) frå 2022. Driftsutgifter var 452 mill. kr, ein auke på 47,1 mill. kr (13,7 %) frå 2022. Korrigert netto driftsresultat 11,5 mill. kr. Netto driftsresultat på kr 16 559 000 (24,7 mill. kr i 2022).

Årsmeldinga gjev god forklaring på rekneskapstala og budsjettavvik.

Disposisjonsfondet er pr. 31.12.23 på 99,9 mill. kr.

Kommunen investerte i 2023 for 172,9 mill. kr, med helse- og omsorgsprosjektet og rehabilitering av svømmehall som største investeringsprosjekt. Investeringsbudsjettet var 196,9 mill. kr.

Om årsmeldinga

Årsmeldinga dekkar det som er krevd i samband med rekneskapen.

Handlingsreglar og oppnåing

1. Korrigert netto driftsresultat skal årleg utgjere minimum 1,75% av brutto driftsinntekter
2. Disposisjonsfond skal utgjere minimum 12% av brutto driftsinntekter
3. Lånegjeld, med fråtrekk av vidareutlån og lån til sjølvkostområde, skal utgjere maksimalt 81% av brutto driftsinntekter

	år 2020	år 2021	år 2022	år 2023
Regel 1	5,3	1,8	4,4	2,5 %
Regel 2	16,7	19,5	22,3	21,6 %
Regel 3	52,4	51,8	54,6	72,2 %

Som oversikta syner er alle handlingsregler innfridde i 2023.

Revisjonsrapport

Kontrollutvalet har inngått oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS, men gjev ingen instruksar utover det. Revisor gjev eigenerklæring på sin uavhengigheit, og denne var handsama i kontrollutvalet 15.12.2023.

Revisor oppgjev at dei fylgjer lov, forskrift, kommunal rekneskapsskikk og internasjonale standardar for sitt revisjonsarbeid.

Innlandet Revisjon IKS har gjeve ein revisjonsrapport utan førehald og presiseringar, altså ein rein revisjonsrapport. Det ligg heller ikkje føre nummererte brev frå revisor.

Revisor mener at:

- Årsrekneskapen oppfyller gjeldande lovkrav.
- Årsrekneskapen gjev i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2023 og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.
- Årsmeldinga inneheld dei opplysningar som skal gjevast etter gjeldande lovkrav.
- Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.
- Basert på revisjon av årsrekneskapen og naudsynte kontrollhandlingar etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag, har leiinga oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunens rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- Basert på dei utførte handlingar og bevis som er innhenta, er dei ikkje blitt kjent med høve som gje grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gjev dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Rapport frå revisjonen om forenkla etterlevelseskontroll på økonomiområdet skal ligge føre til 30. juni og vil bli handsama som eigen sak.

Oppsummering

Årsrekneskap og årsmelding er lagt fram innan fristen og inneheld det som lova krev. Alle handlingsmål/handlingsreglar er oppnådd.

Revisjonsrapporten er gjeve innan fristen og omtaler alle høve som fylgjer av Kommuneloven § 24-8. Revisor tilfredstiller krava til kommunal revisor.

Sekretariatet har ingen opplysningar om høve som kan få betydning for årsrekneskapen eller årsmeldinga. Det har heller ingen informasjon som tilseier at revisjonen ikkje er utført i samsvar med forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

På bakgrunn av vurderingar over og det som går fram av årsrekneskap, årsmelding og revisjonsrapport, legg sekretariatet fram forslag til kontrollutvalets uttale til kommunen sin årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Det er forventa at revisor informerer kontrollutvalet om høve som vil være interessant for kontrollutvalet, men som ikkje er av ein slik grad at dei blir rekna for å kunne gje vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen og med det ikkje er kommentert i revisjonsrapporten.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek sekretariatets forslag til kontrollutvalet sin uttale til kommunens årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Handsaming

- Kommunedirektør og økonomimedarbeidarar presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.
- Innlandet Revisjon IKS v/oppdragsansvarleg revisor orienterte om revisjonsarbeidet, presenterte revisjonsrapporten og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek sekretariatets forslag til kontrollutvalet sin uttale til kommunens årsrekneskap og årsmelding for 2023.

Sak 9/24 Orienteringar

Saksutgreiing

Bakgrunn

Utvalet bestemte i sist møte at dei ynskjer orientering om status og oppfølging av flyktninger, samt oversikt over gjennomførte tilsyn i perioda 2020-23. Kommunen har i etterkant av møtet oversendt ein utfyllande tilsynsoversikt.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.

Handsaming

Orientering om status og oppfølging av flyktninger i Vågå v/kommunedirektør, kommunalsjef oppvekst, leiar NAV-kontoret og flyktningkonsulent.

Vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringane til etterretning.
(samrøysta vedtak)

Sak 10/24 Eigenvurdering frå oppdragsansvarleg revisor

Saksutgreiing

Vedlegg

- Eigenvurdering av uavhengigheit for revisor Ingvild Andreassen Granlund

Bakgrunn

Innlandet Revisjon IKS opplyser at Anette Karenstuen slutter 24.05.24. Ingvild Andreassen Granlund overtek Karenstuen sitt prosjekt, forvaltningsrevisjon om informasjonstryggleik.

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor skal gje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet (Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 19).

Vurdering

I fylgje den gjevne eigenvurderingen er Granlund uavhengig i forhold til kommunen.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurderingen frå Innlandet revisjon IKS til orientering.

Vedtak

Kontrollutvalet tek uavhengigheitsvurderingen frå Innlandet revisjon IKS til orientering. (samrøysta vedtak)

Sak 11/24 Kontrollutvalets risiko- og vesentlegvurdering

Saksutgreiing

Bakgrunn

I sak 4/24 vedtok kontrollutvalet prosess for å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Denne saka handlar om to av tiltaka i vedtatt plan.

- Kontrollutvalet systematiserer/oppsummerer og drøftar mottatt informasjon frå kommuneleiinga om kommunens internkontroll og gjennomførte tilsyn.
- Kontrollutvalet drøftar spørsmåla
 1. På kva område er det risiko for at kommunen, interkommunale samarbeid og kommunale selskap ikkje når sine målsettingar, ikkje oppfyller lovkrav eller utnytter ressursane dårleg?
 2. På kva tenesteområde er det behov for forvaltningsrevisjon? Og kva tema?
 3. I kva interkommunale samarbeid og kommunale selskaper er det behov for forvaltningsrevisjon? Og kva tema?

For meir omtale av prosess og definisjon blir det visst til sak 4/24.

Kontrollutvalet blir oppfordra til å førebu seg ved å tenkje gjennom spørsmåla opp mot vedlagte organisasjonskart og kommunens eigarskap slik at drøftinga i møtet blir ein mest mogleg systematisk og heilhetleg risiko- og vesentlegvurdering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med drøftingane og vurderingane til ROV-en.

Handsaming

- Kontrollutvalet drøfta mottatt informasjon om kommunens internkontroll og gjennomførte tilsyn.
- Kontrollutvalet drøfta spørsmåla 1-3 som er attgjjeve overfor.
- Orientering om mottatt innspel m/grunngjeving til ROV frå utvida leiargruppe.

Vedtak

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med drøftingane og vurderingane til ROV-en.

Sak 12/24 Protokoll og referatsaker

Møteprotokoll 12. mars 2024

Utsendt 21. mars. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Opplæring og konferanser

- FKTs fagkonferanse for kontrollutval 4.- 5. juni. Påmeldingsfrist 29. april.
- NKRFs fagkonferanse 2024 12.-13. juni.

"Bernt svarer"

Spalten "Bernt svarer" blir publisert om lag kvar veke i Kommunal Rapport.

Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen.

Bernt har stor kunnskap om forvaltningsrett, kommunalrett, offentlighetsloven og forvaltningsloven og er ofte omtala som "kommunelovens far".

4.3: Er jobben med å ivareta barn og unges interesser et offentlig tillitsverv eller bare «en jobb»?

Bernt svarer: Reglene om inhabilitet i forvaltningsloven gjelder fullt ut

11.3: Hva skjer om en kommune ikke kan betale regningene sine?

Bernt svarer: En kommune kan ikke slås konkurs

18.3: Kan administrasjonen lage saksfremlegg når kommunedirektøren er inhabil?

Bernt svarer: Administrasjonen bør ikke lage forslaget til vedtak

2.4: Kan et fjernhastemøte behandle en sak om arbeidstakers tjenstlige forhold?

Bernt svarer: De beste grunner taler for at forbudet mot fjernmøter ikke gjelder i en hastesituasjon

- 8.4: Gjorde lederen av kontrollutvalget feil, da han hadde et eget formøte med utvalgets sekretær for å diskutere utvalgets arbeid fremover?
Bernt svarer: Selvsagt nyttig for begge parter å ha en plan for kontrollutvalgets virksomhet

Budsjett-2024

Budsjetttramme for kontrollarbeid/revisjon blir handsama på nytt.

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvaldsmøte 12. mars 2024 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvaldsmøte 12. mars 2024 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

"Ope post"

- Utvalet ynskjer orientering på neste møte om innsparingsprosess og forslag med konsekvenser.
- Utvalet ynskjer orientering om NAV generelt til hausten.